

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

Lindås 14.02.2022

### Innspel til Kommuneplan for Alver – Samfunnsdelen 2022-2034

Under følgjer innspel frå foreininga Lindåstunets Venner, til "Høyringsutkastet til samfunnsplanen for ny kommuneplan for Alver."

Lindåstunets Venner er eit støttelag av frivillige og tidlegare tilsette ved Lindåstunet. Den ideelle organisasjonen vart oppretta med formål å vera eit *støttelag med fokus m.a. på velferdstiltak for eldre på Lindåstunet, både dei som bur der og dei som kjem på dagsenter.*

Aktivitetane har naturleg nok lege stille etter at omsorgstilbodet for eldre ved Lindåstunet måtte leggjast ned hausten 2014. men vi ser framover og ser for oss den dag, vi kan komme i gang med arbeidet att. Vi har difor følgjande innspel:

Det er generelt viktig å kjenne til historia vår, for å forstå utviklinga, Derfor må vi i større grad ta vare på bygg som både er **kulturhistorisk- og bygnings messig** viktige i kommunen.

Lindåstunet har dei siste 100 år vore ein stor generator for livet i nordre del av Lindås. Det har vore ein stor arbeidsplass, og staden har som **helseinstitusjon** vore svært viktig for heile Nordhordland. Det har vore ein heim og behandling sinstitusjon for både fysisk og psykisk sjuke i desse snart hundre åra: Tuberkuloseheim 1927-1954, psykiatrisk sjukeheim 1954-2002, omsorgssenter for eldre 2004-2014. for heile regionen

Tuberkulosen var i første halvdel av 1900-talet den meste alvorlege folkesjukdomen, og då Hordaland Fylke skulle etablera ein tuberkuloseheim på Vestlandet, vart staden nøye utvald. På grunn av behandlinga, måtte staden vera vestvendt, og der skulle vera lys og luft og utsyn. I tillegg skulle der vera store tre, og der måtte vera lunt. Lindåstunet og den store hagen rundt, ligg fortsatt slik unikt til og bør vere i bruk, - med aktivitetar for nærområdet og heile regionen.

Både Vestland fylkeskommune og Fortidsminneforeningen har vist genuin interesse for bygget, anlegget rundt og den kulturhistoria det representerer. Lindåstunet har moglegheit for å bli ein attraktiv møte- og arbeidsplass for både folk i nærområdet og i regionen. Vi meiner det er viktig at huseigar, Alver kommune, no tar ansvar og arbeider medvite med planar om å kjøpe tomte og setje bygninga i stand.

Vennleg helsing  
Lindåstunets venner v. leiar Vetlemøy Wergeland

Lindåstunets venner  
Gamle Prestavegen 34  
5955 Lindås  
Org. nr. 995 820 404